

Korleis står det til med vatnet?

Ein statusrapport for arbeidet med Vassdirektivet i Tokke-Vinjevassdraget

Innleiing

Arbeidet med Tokke-Vinje vassområde kom fyrst og fremst i gang som følgje av revisjonssaka for kraftutbygginga i vassdraget. Det har vore ulike forventningar til resultatet, og det er ikkje alltid samsvar mellom det inntrykket folk har av tilstanden og det som faktisk er registrert.

Vassdirektivet

Det europeiske vassdirektivet, som kom i 2000, har blitt det viktigaste direktivet i EU. Noreg slutta seg til direktivet i 2007, og har etter kvart også teke det inn i norsk lovgjeving. Norsk vassdragsnatur er nå delt inn i 10 regionar, og kvar region er delt i ulike vassområde. Telemark fylke har 6 vassområde og i tillegg delar av 3 andre område. Vassområda følgjer vassdraga og ikkje kommunegrensar og fylkesgrensar. Innan utgangen av 2016 skal alle vassregionar ha fått sin forvaltningsplan, godkjent av Kongen i statsråd. Målet for planane er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk, kjemisk og bakteriologisk tilstand innan utgangen av 2021.

Tokke-Vinje vassområde

Tokke-Vinje vassområde var eit av dei 30 vassområda i landet som blei med i fyrste generasjon forvaltningsplanar. Forvaltningsplanen blei godkjent i juni 2010 og representerer på mange måtar eit nybrottsarbeid i vassforvaltninga. Planen byggjer på lokal tiltaksanalyse og overvaking av vasskvaliteten. Rapportar og planar er lagt ut på heimesida til kommunane.

Kraftutbygginga

Kommunane leverte sine krav før sommarferien i fjor. Krava blir kommentert i det revisjonsdokumentet som Statkraft er pålagt å lage. Dokumentet på 69 sider + vedlegg er nå til godkjenning av NVE før det blir sendt ut på høyring. Det er venta nye synfaringar og mykje arbeid frå kommunane si side før revisjonssaka blir avgjort. Revisjonssaka blir følgd med stor interesse i andre delar av landet, fordi det er venta at resultatet vil gje sterke føringar for dei andre revisjonssakene som etter kvart kjem. Frå kommunane si side har det vore arbeid for at vassdirektivet skal få meir vekt, som ei støtte for krav om avbøtande tiltak.

Vassførekomstane

Under arbeidet med forvaltningsplanen er alle delar av vassdraget delt inn i vassførekomstar etter naturregion, hydrologi, storleik, kalk- og humusinnhald. På grunnlag av eit overvakingssystem med meir enn 40 stasjonar er vatnet karakterisert i høve til målet i vassdirektivet om minst god tilstand. Ved starten på programmet var det enkelte førekomstar med risiko for ikkje å kunne nå målet. Etter 3 år synes nå alle vassførekomstar å ha anten god eller særleg god økologisk, kjemisk og bakteriologisk tilstand, med nokre få unntak. Sterkt redusert vassføring har ført til at sjølv små utslepp kan setje preg på vassførekomsten.

Reguleringsmagasina

Det er 17 reguleringsmagasin, med reguleringshøgder frå 3 til 60 m. Etter 50 år med nedtapping og fylling er strendene sterkt utvaska. Fordi det ikkje er noko vegetasjon att i strandsona hamnar næringsstoffa i botnsedimenta. Vatna har derfor blitt mykje meir næringsfattige. I periodar har enkelte vatn også vore sterkt nedtappa om sommaren. Det er særleg uheldig fordi næringsgrunnlaget for fisk i vekstsesongen blir vesentleg redusert og fordi viktige næringsdyr for fisk kan bli heilt borte. Det kan synes som nedtappingar også om sommaren er ein tiltakande trend i regulerte vassdrag.

Vassdirektivet plasserer regulerte vassførekomstar i ein eigen kategori, med andre miljømål. Vatnet i regulerte elvar og vatn skal framleis ha minst god kjemisk og bakteriologisk kvalitet, men økologien er skadd. I staden for minst god økologisk tilstand er målet for desse vassførekomstane det som blir kalla minst godt økologisk potensial. Det vil sei det beste det er realistisk å oppnå etter avbøtande tiltak, utan å gjera slutt på reguleringa.

I regulerte vatn kan Fylkesmannen i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning pålegge regulanten å gjennomføre fiskebiologiske undersøkingar. Utover det har ikkje desse vassførekomstane vore prioritert i overvakingsprogrammet.

Dei regulerte elvane

Det er ca 23 regulerte elvar eller elvestrekningar. Bare Kjela har pålegg om minstevassføring. Kommunane arbeider for å få minstevassføring i fleire elvar, særleg i nedre del av Tokkeåi. I overvakingsprogrammet er ei rekke av stasjonane lagt til slike elvar, der redusert vassføring gjer dei ekstra sårbare for utslepp. I tillegg til vasskjemi og kolibakteriar blir det også registrert botndyr og påvekstalgar. Registreringa gjeng fyrst og fremst på artar og mindre på mengde. Situasjonen ovanfor og nedanfor Hovdestadmogen blir følgd spesielt, og Vinje kommune har sett av midlar til avslutning av deponiet.

Lognvikvatn og Tansvatn

Dette er ei sidegrein av vassdraget som ikkje er regulert. Her er det i fyrste rekke hyttefelt og landbruk som påverkar vatnet. Ei tidlegare undersøking som NIVA gjorde i Lognvikvatn i 2005 visa at delar av vatnet var sterkt påverka av husdyrgjødsel. Det kunne delvis også sporast i prøvene frå 2008. Dei siste prøvene viser god vasskvalitet, truleg på grunn av endra gjødselhandtering. Tilstanden vil bli følgd gjennom nye prøver i åra som kjem, og med tiltak for å redusere avrenning frå landbruket.

Grungevatn og Tveitevatn

Desse vatna er heller ikkje regulert, men har redusert gjennomstrøyming. Mange er opptekne av at desse vatna, som har vore kjent for sitt gode fiske, nå har grodd sterkt til. Bortsett frå ein djupål langs sørsida av vatna har det laga seg store sandbankar med tette belte av elvesnelle som gjer det vanskeleg for både fiske og bruk av båt. I utløpet av vatna er det tett algevekst. Det er teke prøver av algane både i 2009 og i 2010. Kommentaren frå NIVA, som har stått for undersøkingane, er at algevegetasjonen er velutvikla og artsrik og med typiske artar for reint vatn. Det gjeld både utløpet av Grungevatn og utløpet til Tveitevatn. I innløpet til Tveitevatn er det i tillegg funne enkelte artar som trivst både i reint næringsfattig vatn og i meir påverka vassførekomstar. Det er ikkje funne nedbrytarar (sopp og bakteriar) i nokon av prøvene.

Sterk algevekst er eit vanleg fenomen i mange vassførekomstar, også i svært næringsfattig vatn langt frå næraste utslepp. Algane er gjerne også eit resultat av eit samspel mellom fisk og fiskens næringsdyr, som ofte beiter på algane.

Det er utslepp frå reinseanlegget på Vågsli og frå Haukeli reinseanlegg. Før reinseanlegga kom var det registrert bakteriar frå avføring i Kjela frå Flothyl og nedover. Slik er det heldigvis ikkje lenger. Reinseeffektiviteten blir kontrollert regelmessig. Vassprøvene viser stort sett særleg god tilstand med omsyn til innhaldet av fosfor, som er det avgjerande elementet for plantevekst i ferskvatn.

Innslaget av høgare vassplantar (karplantar) og mose er karakteristisk, og har utvikla seg etter kvart som det har avleira seg bankar av sand i vatna. Når det bare blir grunt nok vil slike sediment vekse til med vegetasjon uansett. Under registreringane på 1980-talet synest ikkje vegetasjonen å ha vore vurdert som noko alvorleg problem. Både kraftutbygginga (anleggsperioden) og graveaktivitet elles har mykje av ansvaret for at vatna har blitt grunnare, saman med redusert vassføring i etterkant. Det er arbeidd mykje med å få stansa masseuttaket i elvemunningen til Kjelaåi. NVE har gitt pålegg om avslutning og plan for oppstilling, men vedtaket er påklaga til Olje og energidepartementet.

Prøver frå eit par sidebekkar viser høge verdiar for fosfor og nitrogen, men bekkane er så små at det neppe påverkar vasskvaliteten ute i vatna noko særleg. Men det betyr nok litt for tilstanden i dei buktene bekkane renn ut i. Situasjonen vil bli følgd opp. Det same gjeld gamle slamlagunar ved Velemoen, som blir fjerna i løpet av sommaren.

I 2010 er det gjennomført prøvafiske, men rapporten har ikkje kome ennå. Både Tveitevatn og Grungevatn har tidlegare vore rike på viktige næringsdyr for fisk, som dafniar og marflo. Etter at ørekyta etablerte seg må ein rekne med at beitepresset på desse artane har auka, og at ørekyta konkurrerer med auren om næringa. Dessverre har ein i praksis ingen tiltak som nyttar for å redusere bestanden. Det er heller ikkje funne grunn til å gje reguleringa skulda for problemet.

I revisjonssaka er det diskutert å samle opp vatn til noko kraftigare spyleflaumar ein eller to gonger i året. Elles er oppmudring eit alternativ. Men det er kostbart, og ein er i tvil om kor lenge verknadene vil vare.

Oppsummering

Overvakingsprogrammet vil bli vidareført i 2011 og åra vidare framover, om enn ikkje i same utstrekning som tidlegare. Statkraft sitt svar i revisjonssaka (revisjonsdokumentet) vil bli sendt på høyring i 2011. Andre tiltak frå handlingsplanen skal gjennomførast i løpet av planperioden fram til og med 2015. Det er i hovudsak kommunane som har ansvaret, og i Vinje kommune er det ei tverrfagleg etatgruppe som skal arbeide med saka. Dorthe Huitfeldt er prosjektleiar i Vinje kommune. I samsvar med retningslinene i Vassdirektivet legg ein vekt på å ha ein open prosess og ein god dialog om tilstand og tiltak i vassdraget. Ein er derfor alltid open for innspel.

Fyresdal 23.2.2011

Helge Kiland, Faun Naturforvaltning
hk@fnat.no